

NOTAT

Bergen, 26.10.2021

Kommandantbustaden Håøy

27.05.2021 var Museumssenteret i Hordaland på synfaring til kommandantbustaden på Håøy. Bakgrunnen for synfaringa var at eigaren av kommandantbustaden, Bergen og omland friluftsråd, ville ha ei vurdering av kulturminneverdi, tilstand og eventuelle tiltak.

Håøy har hatt ei strategisk viktig rolle sidan vikingtid. Varden, eller veten, på toppen av Håøya kan vere reist allereie i år 950 og den er nemnd i Sverressoga på 1100-talet. Sidan har det vore militær aktivitet der både under første og andre verdskrigen.

I fleire kjelder blir det nemt at bygningane som står på Håøy i dag skal vere reist på 1800-talet. Dette kan stemme både om ein dømer ut frå byggeskikk, matrikkel og om ein ser på eldre kart. I dei sokalla rektangelmålingane frå 1860, historiske kart, viser eit hus på den staden der huset står i dag. Det er ingenting i dei tilgjengelege opplysningane som strid mot at bygningane, eller delar av dei, er frå første halvdel av 1800-talet.

Vestre halvdel av kommandantbustaden er den eldste delen. Dette er ei vestnorsk lemstove med rektangulært grunnplan med ei tømmerkasse i kvar ende og kjøken, midtgong og trapp til lemen mellom desse. Lemstovene vart svært vanlege i Nordhordland frå midten av 1800-talet. Det er nok fleire grunnar til at denne bygningstypen vart so populær, men då som no var motar i byggeskikken avgjerande for denne utviklinga. Frå midten av 1800-talet vart kommunikasjonen mellom Bergen og Nordhordland betra, og dermed også mellom kontinentet og Nordhordland. Det kan nok vere noko av forklaringa til denne utviklinga. Den klassistiske moten med symmetrisk grunnplan, som kom frå kontinentet, var på midten av 1800-talet etablert i Bergen og var viktig for byggeskikken også i bygdene rundt byen. Overgangen frå røykonn til grue med murt pipe førte til at ein fekk frigjort takrommet i stova, lemen, og ein kunne flytte eldstaden ut i gangen. Dette har heilt klart vore medverkande til den planløysinga ein ser i lemstovene.

Den austlege delen av kommandantbustaden er truleg bygd til seinare, etter at bruket vart ekspropriert av forsvaret i 1903.

Heile bygningen er tekt med teglpanne på sørsida og med skifer på nordsida av taket. Det er sperretak i den eldre vestre delen og nyare takstolar i den austre delen, som er saks mot nord med om lag 50 cm. Mot vest er der ei skykkje med vernemur i tørrmur med pulttak som óg er tekt med teglpanner.

Vestre delen; dvs lemstova er lafta/tømra og har liggande kledning. På nordsida er det eldre «original» kledning. Innvendig er det panel og plater på veggane. Mot sør er det inngangsparti med trapp og glasveranda. Dette står på betongfundament.

Austre delen er i bindingsverk, har ståande kledning og har ståande panel på veggane innvendes. Himlingen er fjerna og det er ope opp i taket og takstolane her.

Det er tørrmurt pussa kjellar under begge bygningane, men desse er separate utan innvendig dør då dei er bygd i to ulike byggetrinn.

I den eldre, vestre, delen er det enkle torams vindu med tre ruter i kvar og i den austre delen enkle to og trerams vindu utan sprosser. I inngangspartiet i sørveggen er det glasveranda med enkle sprossevindu.

Hovudprinsippet når det gjeld bevaring er at mest mulig av det opphavlege blir tatt vare på. Både den eldre delen i vest og det «nyare» tilbygget mot aust er kvar for seg relativt originale i eksteriør.

Under synfaringen var det ikkje høve til å kontrollere berande veggjar for eventuelle skader eller råte då desse var kledde utvendig og panelte innvendig. For å få kontroll på tilstanden til laftekasser/bereveggjar må kledningen av. På nordsida er det eldre «original» liggande kledning. Denne må takast vare på. Elles gjeld prinsippet om å ta vare på mest mulig og elles byte ut med same sort kledning som allereie er på veggen.

Det er mange eldre/«originale» vindu i huset. Dei fleste av dei vi såg under synfaringa let seg sette i stand utan altfor omfattande reparasjonar. Der dette ikkje let seg gjere er det mulig å lage kopiar ut frå det som er att av det gamle vindu eller ut frå fotodokumentasjon.

Glasverandaen, eller inngangspartiet, er nok ikkje like gamal som resten av huset, men har blitt bygd til seinare. Den representerer likevel ein viktig del av huset si historie og bør settast i stand slik den var.

Kjellar og grunnmur under både den nye og den eldre delen er pussa tørrmur. Mot aust er der ei setningsskade ved dør. Denne skaden må utbetrast ved demontering og oppattmuring. Der det har vore kalka/pussa bør det kalkast eller pussast på nytt.

Piper over tak bør sikrast og rehabiliterast for å halde det opphavelge uttrykket.

M U KULTURVERNTENESTA H O I NORDHORDLAND

Innvendig er der eldre listverk, synleg bjelkelag, panel og dører. Alt som let seg take vare på og som ikkje er til hinder for praktisk planløsning og bruk av dette vil vere med på å ta vare på kulturminneverdien også innvendig.

Kommandantbustaden, med 1800-tals lemstove i vest og forsvaret sitt bygg frå tidleg 1900-tal i aust, representerer både busetnads og forsvarshistorie og har, med bakgrunn i ovanfor beskrive tilhøve, høg kulturminneverdi.

Arild Sætre

Bygningsvernkonsulent

Kulturverntenesta i Nordhordland

Museumssenteret i Hordaland